

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen  
**Dato:** 07.11.2018  
**Tidspunkt:** 11:00-15:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Kari Foseid Aakre	Medlem	A	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	
Gustav Bahus	Medlem	FRP	<b>Til kl. 13</b>
Jon Askeland	Leiar	SP	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer	
Silja Ekeland Bjørkly	Iiril Schau Johansen	H	
Willy Borge	Gustav Bahus	FRP	<b>Frå kl. 13</b>
Pål Kårbø	Astrid Aarhus Byrknes	KRF	
Øyvind Strømmen	Natalia Antonia Golis	MDG	
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V	

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjonen
Sølve Sundbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Målfrid Vik Sønstabø	Konst. direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar fylkessekretariatet

Petter Lem Gullestad  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 114/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 115/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 116/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 68/18	Investering av vognmateriell til framtidige bybanestrekningar.	2018/16036	
RS 69/18	Testanlegg for solcelledrivne veglys på Fv101 Sekse, Ullensvang herad	2014/22427	
RS 70/18	Skriv til statsråd Monica Mæland frå Kvinnherad kommune vedrørende statleg kommunedelplan E39 Stord-Os	2018/14790	
RS 71/18	NTP-notat ifm med regionale møter om Nasjonal Transportplan 2022-2033	2018/10651	
RS 72/18	Førebels status på undersøkingane omkring venterom i Hordaland	2018/15245	
RS 73/18	Uttale frå Fjordvegen Rute13 vedr. rashending på Rv13	2016/2625	
PS 117/18	Ymse		
PS 118/18	Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022	2018/11459	
PS 119/18	Handlingsprogram 2019-2022. Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 120/18	Fv 7 som omkøyringsveg for E16 - forslag om prioritering og medfinansiering	2018/13843	
PS 121/18	Priser på båtsambanda i Hordaland	2018/10723	
PS 122/18	Vurdering av alternativ for å sikra vidare drift av sambandet Valestrand-Breistein	2016/5238	
PS 123/18	Søknad om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Aurland - Sogndal - høyring	2018/14306	
PS 124/18	Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune	2018/12797	
PS 125/18	Spørsmål		
FO 1/18	Spørsmål frå Angeltveit (V) - Reell kostnad Spelhaugen depot i fjell	2018/16321	
FO 2/18	Spørsmål frå Askeland (SP) - Skilta og oppmerka fotgjengarovergang	2018/16275	

## **PS 114/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

Innkallinga og sakslista vart godkjend utan merknader.

## **PS 115/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

Møteboka frå møtet 17. oktober 2018 vart godkjend utan merknader.

## **PS 116/18 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

RS 68/18-RS 73/18 vart refererte.

**RS 68/18 Investering av vognmateriell til framtidige bybanestrekningar.**

**RS 69/18 Testanlegg for solcelledrivne veglys på Fv101 Sekse, Ullensvang herad**

**RS 70/18 Skriv til statsråd Monica Mæland frå Kvinnherad kommune vedrørende statleg kommunedelplan E39 Stord-Os**

**RS 71/18 NTP-notat ifm med regionale møter om Nasjonal Transportplan 2022-2033**

**RS 72/18 Førebels status på undersøkingane omkring venterom i Hordaland**

**RS 73/18 Uttale frå Fjordvegen Rute13 vedr. rashending på Rv13**

## **PS 117/18 Ymse**

**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

### **Presentasjonar og orienteringar**

Orientering om Fjelbergsambandet v/Marianne Nordhus og Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune

Orientering om Kvinnheradspakken v/Kaisa Tonheim Banne, Statens vegvesen

Orientering om Investeringsprogrammet for fylkesvegane v/John Martin Jacobsen, Hordaland fylkeskommune

Orientering siste nytt frå Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø

Orientering siste nytt frå Statens vegvesen v/Grethe Vikane

## **PS 118/18 Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022**

### **Forslag til innstilling**

1. a) Investeringsbudsjettet for 2019 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 176 874
Tilskot og refusjonar m.m.	2 929 085
Salsinntekter	50 000

Bruk av avsetjingar	45 000
Midlar frå driftsbudsjettet	95 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>4 295 959</b>

Disponert slik:

Bybaneutbygging	1 764 000
Fylkesvegar	1 581 975
Kollektivtiltak	390 784
Kultur	3 000
Tannhelse	30 000
Opplæring	434 200
Fellesfunksjonar	87 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>4 290 959</b>

Eigenkapitalinnskott KLP	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>4 295 959</b>

b) Driftsbudsjettet for 2019 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskott)	6 632 000
Finansutgifter	netto 876 300
Avsetjingar	
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	95 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>5 660 700</b>

Fordelt slik:

Politiske organ, kontrollorg. og fylkesrådm.	netto 70 082
Økonomi- og organisasjonsavd.	netto 187 600
Eigedom	netto 296 000
Regional utvikling	netto 98 800
Samferdsel	netto 1 978 928
Kultur og idrett	netto 216 000
Tannhelse	netto 194 000
Opplæring	netto 2 614 000
Fellesfunksjonar	netto -36 024
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto 5 619 386</b>

Tillegssløyvingskonto	3 914
Lønsavsetjing	37 400
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>	<b>41 314</b>

## 2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 176,874 mill. kr.

## 3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 84 010
Stønad pr. representant i gruppa	kr 47 170
Frikjøp pr. representant	kr 46 380

## 4. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert auka med i gjennomsnitt 2,7 %, slik det går fram av budsjettheftet s. 88.

## **5. Tannhelse**

Takstane for betalande pasientar vert auka med 4,5 % frå 01.01.2019.

### **Økonomiplanen for 2019-2022**

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.11.2018**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Nytt vedtak:

Utvalg for opplæring og helse tek saka til orientering.»

**Arild Borgen (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt vedtak:

Utval for opplæring og helse tek fylkesrådmannens forslag til budsjett til orientering, men stillar seg negativ til nye kutt i opplæringssektoren.»

**Dan S. Femoen (H)** sette fram følgjande bestilling:

«Ber om eit notat ad erfaringar med prosjektet om skulehelsetenesta i samarbeid med Bergen Kommune som ikkje vurderast vidareført i fylkesrådmannens budsjett for 2019. Det vert anmoda om at notatet vert lagt fram i forkant av møtet i fylkesutvalet.»

### **Røysting**

Gadolin sitt forslag fekk 13 røster (A, H, V, Frp, Sp, Krf og MDG) og vart vedteke som instilling til fylkesutvalet.

Borgen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utvalg for opplæring og helse tek saka til orientering.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Alternativ: MISA tek saka til orientering og kjem tilbake med endelig budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting.»

### **Røysting**

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

MISA tek saka til orientering og kjem tilbake med endelig budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting.

## **PS 119/18 Handlingsprogram 2019-2022. Kollektivstrategi for Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2019-2022 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget sluttar seg til at handlingsprogrammet gir eit godt grunnlag for prioritering av fysiske tiltak i kollektivtrafikken sin infrastruktur, og ber om at infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken vert prioritert i komande rullering av handlingsprogrammet for Miljøløftet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

3. Fylkestinget vil understreke behovet for framkommelighet for kollektivtrafikken og ber om at tidligare vedtak om plan for kollektivfelt på 4-feltsinnfartsårer, samt andre framkommelighetstiltak for buss får høg prioritet og vert realisert.»

Hammer trekte sitt forslag

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Saka vert utsett til MISA sitt møte mot slutten av november.»

### **Røysting**

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for rådmannen sitt forslag.

### **Vedtak**

Saka vert utsett til MISA sitt møte mot slutten av november.

## **PS 120/18 Fv 7 som omkøyingsveg for E16 - forslag om prioritering og medfinansiering**

### **Forslag til innstilling:**

1. Fylkesutvalet ber om at tiltak for å betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin blir prioritert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.
2. Fylkesutvalet meiner at det ikkje fylkeskommunen sitt ansvar aleine å gjere Fv 7 meir robust som omkøyingsveg, og ber om at fylkesrådmannen tek initiativ til dialog med staten om å bidra med finansiering av tiltak.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Nytt punkt 2:

Fylkesutvalet meiner tiltak for betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese-Granvin er svært naudsynt.

Fylkesutvalet meiner staten må ta eit aktivt medansvar for dette, i og med at krisesituasjonar for framkome i hovudsak vert utløyst av hendingar på/manglar ved og arbeid på E16 Trengereid-Voss.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med staten om å bidra til finansiering av tiltak.»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Askeland sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at tiltak for å betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin blir prioritert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.
2. Fylkesutvalet meiner tiltak for betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese-Granvin er svært naudsynt.

Fylkesutvalet meiner staten må ta eit aktivt medansvar for dette, i og med at krisesituasjonar for framkome i hovudsak vert utløyst av hendingar på/manglar ved og arbeid på E16 Trengereid-Voss.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med staten om å bidra til finansiering av tiltak.

## PS 121/18 Priser på båtsambanda i Hordaland

### Forslag til innstilling

1. Båtrutene i Hordaland vert prissett med eigne prisar for båt etter ny avstandsbasert takstmodell. Dette vil også inkludere båtsambandet mellom Kleppstø og Strandkaien («Askøyruta»).
2. Fylkesrådmannen startar arbeidet med å førebu innføring av ny avstandsbasert takstmodell for båt. Ny takstmodell for båt blir implementert 1. februar 2020.
3. Endeleg prisnivå ved implementering vert beslutta som ein del av budsjettet for 2020.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Sak 121/18 vert sendt attende til administrasjonen slik at også båtrutene i dagens Sogn og Fjordane vert vurdert inn i prisstrategien. Misa føreset at alle 3 prismodellane vert med i den nye saka.»

## Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

## Vedtak

Sak 121/18 vert sendt attende til administrasjonen slik at også båtrutene i dagens Sogn og Fjordane vert vurdert inn i prisstrategien. Misa føreset at alle 3 prismodellane vert med i den nye saka.

## PS 122/18 Vurdering av alternativ for å sikra vidare drift av sambandet Valestrand-Breistein

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet finn ikkje rom for å yta tilskot til Osterøy Ferjeselskap i 2019, og ser det ikkje som aktuelt å ta sambandet inn som eit fylkeskommunalt samband.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert sett i verk ombygging til hybrid drift med siktemål om utsleppsfri drift innan 2024.

3. Fylkesutvalet vil ta ei ny vurdering om eventuelt fylkeskommunalt tilskot på eit seinare tidspunkt, dersom den hybride drifta tilseier at det er trong for ekstern finansiering for å oppretthalda drifta. I ein slik samanheng må ein og kunna vurdere kommunal støtte.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, V, MDG og SV fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet ser det ikkje som aktuelt å ta sambandet inn som eit fylkeskommunalt samband.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert sett i verk ombygging til hybrid drift med siktemål om utsleppsfri drift innan 2024.
3. Fylkesutvalet vil ta ei ny vurdering om eventuelt fylkeskommunalt tilskot på eit seinare tidspunkt, t.d. budsjettprosessen for 2019.»

### **Røysting**

Kårbø sitt forslag fekk 10 røyster (KrF, A, Sp, V, MDG og SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og FrP) for fylkesrådmannen si innstilling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ser det ikkje som aktuelt å ta sambandet inn som eit fylkeskommunalt samband.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert sett i verk ombygging til hybrid drift med siktemål om utsleppsfri drift innan 2024.
3. Fylkesutvalet vil ta ei ny vurdering om eventuelt fylkeskommunalt tilskot på eit seinare tidspunkt, t.d. budsjettprosessen for 2019.

### **PS 123/18 Søknad om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Aurland - Sogndal - høyring**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet rår til at søknaden frå Nettbuss AS om fornya ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal vert imøtekommen, på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet rår til at søknaden frå Nettbuss AS om fornya ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal vert imøtekommen, på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.

### **PS 124/18 Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.11.2018**



Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

### **PS 125/18 Spørsmål**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

#### **FO 1/18 Spørsmål frå Angeltveit (V) - Reell kostnad Spelhaugen depot i fjell**

#### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

1. Geir Angeltveit (V) har stilt slikt spørsmål:

Reell kostnad Spelhaugen

Depot i fjell, på Spelhaugen, vart i rapport frå SWECO berekna til 152 mill. I følgje Byrådssak 2018/19306-1, var meirkostnadar for depot i fjell i Løvestakken og meirkostnad til prosjektering berekna til kring 210 mill. I same byrådssak er det oppgitt at å avslutta bybanen ved Oasen ville ein spare 330 millionar.

Slik det står vil differansen mellom innsparing på 330 mill og meirkostnad på 210 mill vere 120mill. (Utan omsyn til usikkerheit). Er det korrekt å sei at ekstra stopp og byutvikling kan realiserast for 120 mill? Komite for og byutvikling behandlet saken i møtet 25.04.2018 sak 97/18 og avga følgende innstilling, som igjen ble vedtatt Bystyret samme dag, sitat :

«2. Bergen kommune ber om at bybanelinjen mellom Oasen og Spelhaugen realiseres innenfor Miljøløftet så snart det er finansielt rom for det – eventuelt ved annen finansiering - med den klare forutsetning at slike tiltak ikke skal forsinke byggestart på neste byggetrinn til Åsane.».

Svar på spørsmålet.

Kostnaden på 500 mill kr inkluderar bru over Folke Bernadottes vei, tunnel, portalar, cut & cover Lauvåsbekken, holdeplass Spelhaugen, grunnverv og byggherrekostnader.

Når summen på 330 mill kr kom opp, var det uklart om bru og tilhøyrande portal måtte byggjast uansett. Det er no avklara at dette ikkje må byggjast. Summen av meirkostnader for å få kontinuerleg utbygging til Spelhaugen er difor 500 mill kr.

#### **FO 2/18 Spørsmål frå Askeland (SP) - Skilta og oppmerka fotgjengarovergang**

#### **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018**

2. Jon Askeland (SP) har stilt slikt spørsmål:

#### Spørsmål om fotgjengarfelt

I bt fredag 2. november skreiv Sebastian på 8 år frå Manger eit lesarbrev om at han er redd for å bli påkøyrd.

Sebastian er redd for å bli påkøyrd når han må kryssa fylkesvegen for å gå til og frå skulen og elles. Sebastian ønskjer seg skilta og oppmerka fotgjengarovergang der han kryssar vegen. Sebastian har fått

med seg at slike fotgjengarovergangar finst i heile verda. Kommunen til Sebastian er samd med han, og har det jamvel som prioritert tiltak i trafikksikringsplanen sin. Hordaland fylkeskommune eig vegen som Sebastian må kryssa.

Fylkeskommunen sin vegansvarlege, Statens Vegvesen, har vore på staden. Dei sa då at dei ikkje ville imøtekomme ønsket til Sebastian. Grunngevinga skulle vera at bilistar normalt ikkje viser omsyn til oppmerka fotgjengarovergangar på slike stader med den trafikkmengda og den fartsgrensa som er på staden. Såleis meiner Statens Vegvesen at slike fotgjengarovergangar gjev falsk tryggleikskjensle.

Kommunen er usamd i dette, og Sebastian er redd for å verta påkøyrd når han må kryssa vegen. Fylkeskommunen legg stor vekt på folkehelseperspektivet i alle saksutgreiingar. Fylkeskommunen sin vegansvarlege vil til no ikkje koma Sebastian sitt folkehelseperspektiv i møte. Fylkeskommunen sin vegansvarlege meiner at Sebastian og kommunen hans ikkje skal få gangfeltet dei ber om, med den oppsiktsvekkjande grunngevinga at trafikreglane på dette punktet i praksis ikkje gjeld, fordi erfaringar viser at bilistane ikkje respekterer fotgjengarovergangar.

Vil Hordaland fylkeskommune skjera gjennom og imøtekomme ønsket til Sebastian, følgja opp trafikksikringsplanen i kommunen hans, og etablera fotgjengarovergang ved Langhøyane? Sebastian og kommunen hans har nemleg tru på at bilistane i kommunen hans kan, og følgjer trafikreglane som er vilkåret for å ha førarkort.

Vil Fylkeskommunen alternativt etablera trafikklys på staden, eller iverksetja andre tiltak for at Sebastian skal føla seg trygg ved kryssing av vegen?

Dersom Fylkeskommunen ikkje vil gjennomføra noko som helst trafikksikring på staden, så ber eg Fylkeskommunen svarar Sebastian med grunnlagt innlegg i avisa bt.

#### Svar på spørsmålet.

Både Fylkeskommunen og Statens vegvesen er kjend med ynskje om gangfelt over Fv 410 ved Langhøyane bustadfelt. Fyrste gang i 2015 og andre gang i 2017. Ved ynskje om gangfelt vurderer vi alltid trafikktilhøva på staden. Vi sjekkar friskt, vurderer fartsnivå, ser kor fotgjenarane kryssar, registrerer kor mange som kryssar vegen (ofte både morgon og ettermiddag), samt at vi ser på kor stor biltrafikken er på staden. I tillegg vurderer vi om det er behov for forsterka belysning og om det bør etablerast fartshumpar. Dette gjer vi av to grunnar.

1. For å finna ut om det er grunnlag for å merka opp gangfelt. Gangfelt er i utgangspunktet eit framkomsttiltak for fotgjenarar. Vi må passa på at det også blir ein sikker stad å kryssa vegen dersom det er trafikkgrunnlag.
2. For å finna ut om det er trygt å merka opp gangfelt.





Dette har vi også gjort ved Langhøyane bustadfelt. Fartsgrensa er 50 km/t og trafikkmengda er 1 400 køyretøy mellom Manger og fram til krysset til Langhøyane. I 2015 registrerte vi 10 kryssande fotgjenarar i makstimen. Talet på kryssingar var auka til 18 i 2017. Fleire av dei kryssande er born. Særleg i 2017 skjedde kryssingane spredt over eit lengre område av fylkesvegen. Både i 2015 og i 2017 vurderte vi at det ikkje var grunnlag for å merka opp gangfelt. Dette i hovudsak med grunngeving i for få kryssande sett opp mot trafikkmengda på fylkesvegen. Vi ynskjer å handsama søknader om gangfelt så likt som mogleg, både opp mot andre stadar i Hordaland, men også opp mot resten av landet. Til hjelp brukar vi blant anna Handbok V 127 «Kryssingssteder for gående». Figuren under viser handboka sine anbefalingar for etablering av gangfelt. Med trafikkmengder under 2 000 køyretøy, skal det normalt vera over 40 kryssingar i makstimen før vi etablerer gangfelt.


Vi kjenner oss ikkje igjen i at grunngevinga frå Statens vegvesen skulle vera at bilistar normalt ikkje viser omsyn til oppmerka fotgjenarovergangar på slike stadar med den trafikkmengda og den fartsgrensa som er på staden. Trafikkmengda er derimot såpass lav at vi meiner at det ofte vil vera store tidsluker der fotgjenarane trygt kan kryssa fylkesvegen.

Som ein del av rekkefølgekrava til Langhøyane bustadfelt er det nyleg bygd nytt fortau på nordsida av Fv 410. Dette fortauet har blant anna nedsenka fortauskant (sjå bilete under). Denne nedsenkinga er plassert der vi ynskjer at fotgjenarane skal kryssa fylkesvegen. Vi trur også at nedsenkinga vil kunne redusera den spredte kryssinga. Som vi har meldt både i 2015 og i 2017, vil vi vurdere om det er grunnlag for gangfelt her i framtida. Vi veit at det er utbygging i omådet og vi vil difor anbefala at det blir tatt nye registreringar i 2019.

Dersom det skal merkast opp gangfelt her, vil det også vera behov for tilrettelegging på sørsida av fylkesvegen både i forhold til nedsenka fortauskant og tiltak for å ivareta overvatn. Vi må også vurdere om det skal etablerast fartshumpar og om belysninga bør forsterkast.

Tabell 2.1 Anbefallinger for nye og eksisterende gangfelt

Skiltet fartsgrense	ADT Kryssende i maksstimen Akseptabelt fartsnivå	< 2000		2000 - 8000		> 8000	
		< 40	> 40	< 20	> 20	< 10	> 10
	35 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	40 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	45 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	45 km/t	Red	Red	Red	Red	Red	Red

-  **Ikke anbefalt gangfelt.** Fremkommeligheten til gående med spesielle behov (barn, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne) må imidlertid vurderes spesielt. Gangfelt kan eventuelt anlegges dersom det er et akseptabelt fartsnivå på stedet. Alternativt kan man vurdere tilrettelagt kryssing (se kapittel 6), eller finne alternative kryssingssteder.
-  **Gangfelt anbefales som en del av gangnett, og som et fremkommelighetstiltak for gående på svært trafikkerte veier.** For veier der akseptabelt fartsnivå overstiges, er det anbefalt å bruke fartsdempende tiltak.
-  **Nye gangfelt anlegges ikke ved fartsgrense 60 km/t eller høyere. Dersom akseptabelt fartsnivå på 45 km/t ikke overstiges kan gangfelt anlegges (f.eks. ved rundkjøringer eller signalregulerte kryss).** For veier med høyt fartsnivå og hvor forholdene ligger til rette, anbefales planskilte løsninger (se håndbok N100).



Trafikklys (signalregulerte gangfelt) blir berre brukt på vegar med stor biltrafikk, og/eller der fartsgrensa er 60 km/t. Det er ikkje aktuelt å etablere eit signalregulert gangfelt på denne staden.

Statens vegvesen vil svara Sebastian med grunngitt innlegg i BT uavhengig av om det blir utført tiltak eller ikkje på staden.